

# Utviklingsplan 2016 – 2019

## Visjon:

**Skapa ein framtidsretta skule som utviklar kunnskapsrike, reflekterte og omsorgsfulle menneske der Fag og læringsmiljø skal stå i fremste rekke.**

## Ambisjonar i planperioden:

**Prøve å oppnå utvikling og resultat som er mellom dei beste samanlikna med tilsvarende skular i landet.**

### **1. Elevar: Få elevar som tek ansvar og er engasjerte i eigen kvardag.**

- Involvere elevane sterkt i visjonen, styrke deira motivasjon for og eigarskap til læring.
- Legge til rette for at elevane gler seg til kvar dag på skulen.
- Lata elevane møte lærarar og tilsette som alltid vil dei det beste.
- Leverer frå oss lærlingar med haldningar og kompetanse som næringslivet treng.

### **2. Undervisning. Fagkompetanse og pedagogisk praksis i toppklasse.**

- Kartlegge, utvikle og trenre på pedagogisk praksis av høgste kvalitet.
- Vidareutvikle opplegg for god klasseleiing.
- Motivera lærarar til å få fram det beste i elevane.
- Motivere og legge til rette for at lærarane skal halde seg fagleg og pedagogisk oppdaterte gjennom samarbeid og etter- og vidareutdanning.

### **3. Organisasjon som støttar opp under eit godt læringsmiljø.**

- Arbeide for at tilsette føler seg verdsett, gler seg til å gå på arbeid og tek ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø for seg sjølv og andre.
- Skulen legg til rette for god delingskultur og kompetanseutvikling.
- Skulen er med å sikre og legge til rette for oversiktlege, forutsigbare og gode rammer som støttar opp under topp undervising.
- Skulen skal skape ein kultur for god, tydeleg og effektiv kommunikasjon.

### **4. Miljø. Skal vidareutvikle det psykososiale og det fysiske miljøet.**

- Kartlegge og arbeide systematisk med å betre læringsmiljøet i klasser og grupper.
- Få ein mobbefri skule. Alle tilsette og elevar har plikt til å førebygge mobbing og gripe inn ved tilløp til mobbing.
- Legge til rette for eit aktivt og utviklande skulemiljø, der vi og nyttar skulen om ettermiddagen og kvelden.
- Drive skulen på ein berekraftig og miljømessing god måte der tilsette og elevar er medvitne om si rolle.

### **5. Utviklingsaktør. Den naturlege samarbeidspartnaren for næringslivet i regionen.**

- Skal ta ei aktiv rolle i samarbeidet med dei andre skulane i regionen.
- Vera den naturlege samarbeidspartnaren for næringslivet i regionen.
- Samarbeide med forskingsinstitusjonar som kan støtte opp om skulen sin aktivitet.